



**ALVER**  
KOMMUNE

# Fondsvedtekter

NÆRINGSFOND ALVER KOMMUNE

Vedtekne av Alver kommunestyre 20.02.2020

## 1. FØREMÅL

Næringsfondet skal bidra til næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune.

## 2. MÅLSETTING

- Stimulere prosjekter som gir vekst i eksisterande verksemder og arbeidsplassutvikling i Alver kommune.
- Stimulere til ei berekraftig næringsutvikling.
- Omstilling og nyskaping i næringslivet.
- Tiltak som styrker næringslivet i arbeidet med ny teknologi, innovasjon og nyskaping.
- Samarbeidstiltak innanfor etablert næringsliv.
- Tiltak som skaper ny vekst i etablerte SMB-verksemder i Alver kommune.
- Stimulere til kompetanseutvikling i næringslivet.

## 3. KVEN KAN SØKJE

Næringsfondet kan nyttast både til tiltak for verksemder og til tilretteleggande næringsstiltak i regi av kommunen eller andre typar organisasjonar, til dømes:

- Føretak med forretningsadresse i Alver kommune
- Samarbeidstiltak med lokale føretak
- FOU-aktørar i samarbeid med lokale føretak
- Kommunale næringsutviklingsprosjekt
- Næringsutvikling i landbruket som ikkje får stønad frå landbrukets vanlege stønadsorgan

Verksemder som treng å ta eit nytt steg etter oppstartsfasen, eller etablerte verksemder som treng hjelp til å realisere eit nytt marknadspotensiale eller internasjonalt vekstpotensial vil vere prioritert.

## 4. VILKÅR FOR STØNAD

- 4.1. Stønad kan berre bli gitt i form av tilskot. Jamfør kommunelova § 51 kan næringsfondet ikkje setjast som garanti for lån til næringsverksemd. Stønad kan ikkje brukast til teikning av aksjar, sanering av gjeld, kausjon/garanti for - eller renter og avdrag på lån til prosjekt eller verksemd.
- 4.2. Det kan søkjast om støtte til investeringar i nytt utstyr og maskiner. Det blir ikkje gitt stønad til oppføring av bygg.
- 4.3. Stønad frå næringsfondet skal ikkje overstige 50 % av samla kapitalbehov og innanfor ein samla investeringsperiode på maksimalt 3 år.
- 4.4. Stønad skal nyttast til utviklingsprosjekt, ikkje til ordinær drift av verksemder.
- 4.5. Fondet skal ikkje brukast til festivalar, kultur- og idrettsmidlar.
- 4.6. Stønad kan ikkje gjevast til privatpersonar.
- 4.7. Søknader der tilskot frå næringsfondet kan utløyse ytterlegare tilskotfinansiering vil verta prioritert, men må vere i samsvar med aktuelle krav og retningsliner (refr punkt 7.6).

## 5. KORLEIS SØKE

Tiltakshavar skal søke elektronisk via nettstaden [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no).

Alle søkarar oppmodast til eit oppstartmøte med administrasjonen før innsending av søknad.

## 6. SØKNADSRIST OG TILDELING

Kommunestyret har delegert mynde for tildeling av midlar til Utval for næringsutvikling og drift. Utvalet avgjer søknadene som kjem til kommunen.

Det blir lagt opp til to hovudtildelingar i året, med søknadsfrist 1. mai og 1. oktober.

Søknad levert inn før/ etter søknadsfrist vert vurdert individuelt etter skjønn. Søknadsfristar er 1 måned før utvalet sitt møte.

## VEDLEGG TIL TILDELINGSBREV TILSEGNSMOTTAKARAR FRÅ NÆRINGSFONDET I ALVER:

### GENERELLE VILKÅR

- 1.1. Større endringar i prosjektplanen, endringar i prosjektet sitt budsjett eller finansieringsplan, skal etter søknad frå tilsegnsmottakar godkjennast av kommunen. Søknaden må vere godkjent av prosjekteigar.
- 1.2. Føresetnaden for Alver kommune si løyving er at prosjektet vert finansiert slik godkjent finansieringsplan i omsøkte prosjekt viser.
- 1.3. Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad. Om dette kravet ikkje vert oppfylt, kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta.
- 1.4. Informasjon om prosjektet kan verte omtala på kommunen si nettside og ein kan rekna med å bli beden om å presentera prosjektet for kommunen.

1.5. **Profilering.**

I alle presentasjonar av-, og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert frå Alver kommune. Bruk av kommunen sin logo må avtalast.

1.6. **Forholdet til andre verkemiddel:**

Tildelingar frå fondet må vere i samsvar med aktuelle krav og retningslinjer som td. retningslinjer for bruk av regionale utviklingsmidlar, regelverk for offentleg støtte mv.

1.7. **Delutbetaling**

Tilsegnsmottakar kan oppmode om delutbetaling i høve til godkjend kostnadsprosent av akkumulerte kostnadar, maksimalt inntil 75 % av løyvud beløp. Resterande beløp vert utbetalt ved prosjektavslutning, sjå neste avsnitt. Oppmodinga må innehalde statusrapportering og kostnadsrapport over akkumulerte kostnadar.

1.8. **Prosjektet si avslutning og sluttutbetaling**

Straks prosjektet er avslutta skal tilsegnsmottakar sende oppmoding om sluttutbetaling. I samband med oppmoding om sluttutbetaling skal det fyllast ut ein sluttrapport og kostnadsrapport og godkjennast av prosjekteigar.

- 1.9. Autorisert rekneskapsfører skal attestere sluttrekneskapen for tilsegn over kr. 100.000,-. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

1.10 **Kontroll.**

Kommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje kommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Vi gjer vidare merksam på at i medhald av §10 i løyvingsreglementet og §12 i lov om Riksrevisjonen, kan Kommunal- og regionaldepartementet og Riksrevisjonen setje i verk kontroll med at midlane vert nytta som føreset.

### KLAGE/INNSYN I DOKUMENTA

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de fikk melding om vedtaket. Kommunal klagenemnd er klageinstans. Klagen merkast «Næringsfond» og sendast til Alver kommune, Postboks 4, 5906 Frekhaug, eller på Epost til postmottak@alver.kommune.no.